

Arkivsaksnr: 2015/1502-0
Saksbehandler: Linn Myrvold
Dato: 10.03.2015

Utvalg	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	24/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om dispensasjon til oppsetting av to bruer i Djupdalen i Stranda Kommune

Søkar

Per Otto Solhaug

Dokument i saka

1. Søknad datert 4. mar. 2015
2. Utvida søknad datert 12. mai 2015
3. Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Delområde Geirangerfjorden
4. Naturmangfaldlova

Saksframlegg

Søknaden

Per Otto Solhaug søker på veiene av grunneigarane av Djupdalen om å setje oppatt ein brukonstruksjon mellom tjønnna Bjønnstigvatnet og Kvanndalssetra i Stranda kommune. Brua vart tatt av flom rundt 1970 og blei ikkje satt opp att. I utvida søknad søker Solhaug også om å få sette opp ei bru av same slag over Osen som renn ut av Heimstevatnet litt lenger nordaust i området. Brua blei på same måte som brua mellom Bjønnstigvatnet og Kvanndalssetra tatt av flom. I samband med ferdsel frå Kvanndalssetra til Vinsåshornet må denne elva passerast. Ruta er populær både blant bygdefolk og turistar og mange har ytra ønskje om at brua vert montert oppatt. Begge elvene er til tider utsatt for mykje vatn og sterk straum noko som gjer at det i periodar kan vere både vanskeleg og farleg å krysse dei. Det søkas om å bruke gamle kreosotimpregnerte telefonstolpar frå 1960-tallet som fundament for begge bruene. Stokkane vil dekkas med anna materiale.

Kartet under visar kor det eine brupunktet er tenkt mellom Bjønnstigvatnet og Kvanndalssetra.



Vurdering

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandsskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformar.

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1 er det forbod mot inngrep som m.a. bygging av bruer, men forvaltningsstyremakta kan etter søknad gi løyve til bygging av bruer og klopper etter § 3 punkt 1.3 bokstav e.

Etter forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden er området i Djupdalen definert som populært turområde blant brukarar som nyttar området til rekreasjon, jakt og fiske (s. 19). Brupunktet som er merka av på kartet mellom Kvanndalssetra og Bjørnstigvatnet ligger innafor brukssona, noko som inneberer at det i høgare grad opnas for å gje løyve etter verneforskrifta enn det vil vere i vernesona. Brupunktet mellom Heimstevatnet og Bjørnstigvatnet ligg på sin side innafor vernesona kor det er få spor av nyare inngrep og kor det for framtida er ønskjeleg å halde disse områda utan inngrep (S. 23).

Kreosot inneheld helse- og miljøskadelege stoffar og undersøkingar har vist at personar utsatt for kreosot gjennom jobben oftare fekk hudkreft enn andre. Stoffa i kreosot er elles feittløyselege og vanskeleg å bryte ned og kan derfor hope seg opp i næringskjeda. Dei kreosotimpregnerte stokkane som ønskjast brukte har vært utsatt for ver og vind sidan 1960-talet og ein kan dermed rekne med at det vil vere lite avdamping av kreosot frå stokkane til omgjevnadene, det er elles snakk om få stokkar. Treverk som er impregnert før 31. desember 2002 kan etter Avfallsforskrifta brukas av privatpersonar med føresetnad om at det:

- Ikkje brukas inne i bygningar
- Ikkje brukas i lekar på lekeplassar
- Ikkje brukas i parkar og hagar og utandørs rekreasjons- og fritidsanlegg der det er risiko for hudkontakt
- Ikkje brukas i produksjon av utemøblar
- Ikkje brukas til produksjon, behandling og etterbehandling av behaldarar til dyrkingsføremål eller som kan kome i kontakt med mat eller fôrvarar

Normalt vil verneforskrifta ha strengare bestemmelser om bruk og tiltak i eit verneområde enn det som gjelder anna lovverk. Etter verneforskrift § 3 punkt 6.1 er det forbod mot forsøpling og bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet. Bruk av kreosotimpregnerte stokkar må derfor vurderast etter § 48 i Naturmangfaldloven.

Alle tiltak skal vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Vurdering etter Naturmangfaldlova

NML § 48 opnar for at det kan gis dispensasjon dersom tiltaket ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I dette tilfellet vil det være mest aktuelt å vurdere tiltaket etter NML § 48 første ledd. Det vurderas dit at bruk av kreosotimpregnerte stokkar ikkje vil stride mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, med tanke på at stokkane har vært utsatt for vind og ver over lang tid og med tanke på at det er få stokkar som skal brukas.

§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Kunnskapsgrunnlaget er henta frå søknad, kart, verneforskrift, avfallsforskrift, forvaltningsplan og Naturbase. Det er ikkje registrert nokon raudlista artar i nærleiken av det gitte området kor brua ønskjast byggast. Området ligg elles innafor det registrerte leve- og beiteområdet for Ottadalsvillreinen. Vi har ikkje kjennskap til at bygging av bru vil ha negative konsekvensar for naturmiljøet. Dersom det skal nyttast helikopter for å transportere inn materiala så må dette søkjast om.

§ 9 «Føre-var-prinsippet»

Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkelig for å ta ein avgjerse i saka og det er derfor ikkje nødvendig å ta i bruk § 9.

§ 10 «Økosystemstilmærming og samla belastning»

Bygging av bruer kan vere i konflikt med verneformålet, men i dette tilfellet er det snakk om to små bruer der det har vore bruer tidlegare. Det er ikkje venta at tiltaket vil auke den samla belastninga i området. Området er spesielt nemnt i forvaltningsplanen som populært område for aktivitet knytt til friluftsliv, jakt og fiske. Tiltaket vil vere med på å oppretthalde desse aktivitetane, noko som vurderast som positivt.

§ 11 «Kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar»

Dersom det oppstår skade på naturmangfaldet skal skaden dekkast av tiltakshavar.

§ 12 «Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar»

Verneområdestyret ser ingen grunn til å pålegge noko anna metode eller lokalisering enn det som er planlagt.

Forslag til vedtak

Per Otto Solhaug får med dette løyve av verneområdestyret til å sette opp to bruer i Djupdalen i Stranda kommune. Det blir også gitt dispensasjon til å bruke kreosotimpregnerte stokkar som fundament for brua. Løyva er gitt i medhald til verneforskrift § 3 punkt 1.3 bokstav e og dispensasjon er gitt etter § 48 i Naturmangfaldlova.

Søknaden er vurdert i høve til Naturmangfaldlova §§ 8 -12.

Vilkår

- Dei gamle kreosotimpregnerte stokkane skal dekkast med anna tremateriale og utforming skal harmonere mest mogeleg med dei gamle bruene eller byggeskikk som var vanleg i området på den tida.
- Bruene skal leggjast på naturleg terreng eller på steinar ein finn på staden. Det skal ikkje støypast fundament.
- Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente naudsynt løyve frå Stranda kommune.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 «Vedtaka som kan påklagast, klageinstans» i Forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.